

# Referat frå møte i Faggruppe-Ferdsel 06.06.2023

Teamsmøte kl 09.00-12.00

Til stades:

Alf Odden	SVR	
Per Ketil Omholt	Statsforvalteren i Agder	
Katrine Skaaja Gunnarsli	Agder FK	
Preben Falck	Stavanger turistforening	
Bjørn Andersen Steinsland	DNT Sør	
Svein Olav Stegarud	Setesdal Ryfylke villreinlag	
Torleif Homme	Setesdal Austhei villreinlag	
Kristian Steine	Suldal Fjellstyre	
Tom Olav Trydal	Bykle fjellstyre	
Magnar Viga	Hjelmeland fjellstyre	

Fråfall:

Kristian Eiken Olsen	Statskog	
----------------------	----------	--

## 1. Status for oppdatert kunnskapsgrunnlag

- Det var ingen nye innleggingar av overnattingsstal for ulike hytter og ferdselsdata på stistrekningar. Suldal fjellstyre sine tal vil bli samla inn i helga
- Desse analysene av Strava er bestilt av NINA. SVR har søkt Miljødirektoratet om kr 30.000,- for å få analysene gjennomført
  - Sti- og løypestrekningarar: Everdalen-Øvre Kleivi, Øvre Kleivi-Svartenut, Storsteinen-Hovatn, Rv9-Galten, Rv9-Berdalsbu., Haukeliseter-Vassdalsegga, Donsen-Kvinen, Hønedalen, Jogledalen
  - Område: Hovden Aust, Steinbuskardområde, Rosskreppfjorden-Gjuvvatnet
- I tillegg ønskja gruppa å få kartlagt ferdsel ut frå Brokke-Suleskardvegen
- SVR har og søkt Miljødirektoratet om pengar til og gjennomføre teljingar på båtramper i Svartevassmagasinet, Rosskreppfjorden og Blåsjø
- Dei sju teljarane som stod ute ved Bjørnevatn i 2022 er når levert til NINA for avlesing. Resultata blir sendt til gruppa så snart dei ligg føre seinare i denne veka

## 2. Status for innlagte tiltak

- Preben Falck og Alf Odden gjekk gjennom dei nye innleggingane i tiltakslista
- Med utgangspunkt i gjeldande fokusområde bør det vurderast om det skal leggest inn tiltak for desse stadane utover det som alt er lagt inn:
  - Skiløyper: Auversvatn, Størenos, Hovden Sør, Jogledalen, Skoræ
  - Idrettsarrangement: Hovden Tour, Sesilåmi, Skore rundt, Auversvatn
  - Fjellstyrehytter: ingen

- Statskoghytter: Urdalsbu, Skrubbsbu, Fossebu, Skjerevasshytta, Holmevasshytta, Oslega, Grautheller
- Turisthytter: Holmevasshytta, Tjørnbrotbu, Berdalsbu, Bossbu, Stavskar, Taumevatn, Grautheller, Børsteinen, Øyuvsbu, Kvinen, Gaukhei, Josephsbu, Lakkenstova
- Stistrekningar: Haukeliseter-Holmevasshytta, Bjåen-Tjørnbrotbu, Krossvatn-Vassdalstjørn, alle stiar til Bjørnevasshytta, alle stiar til Bossbu, Everdalen-Øvre Kleivi, alle stiar til Øyuvsbu, Jogledalen, Hønedalen, Flesbekk-Kvinen, alle stiar til Josephsbu, Ljosland-Lakkenstova

Statskog, DNT-Sør og STF legg inn for sine hytter og stistrekningar. Alf bidrar med villreindata. Alf legg inn for dei andre temaene. For fleire av desse hyttene og stistrekningane vil truleg gruppa vurdere at det ikkje er nødvendig med tiltak

- Bjørn Steinsland og Alf Odden avtaler eit separat møte for å sjå korleis tiltaksalternativ knytt til Øyuvsbu skal leggst inn. Preben Falck, Magnar Viga og Alf Odden avtaler eit separat møte for å sjå korleis tiltaksalternativ knytt til Storsteinen skal leggst inn. Når møtetidspunkt er avtalt vil og andre frå faggruppa bli invitert. Ein legg og opp til at dei frå faggruppa som deltek på Heiplansamlinga har eit møte 20. juni etter lunsj

### 3. Vurdering av føreslåtte tiltak frå innspelsløyisinga

- Forslag til tiltak som har komme inn gjennom den etablerte innspelsløyisinga pr 2.6 vart gjennomgått i møte <https://www.statsforvalteren.no/nb/agder/Miljo-og-klima/Viltforvaltning/tiltaksplan-villrein/tiltaksplan-for-villrein---innspill/>. Dei fleste tiltaka som er relevante for ferdselsgruppa er allereie lagt inn.

### 4. Arbeidsbeskrivinga

- Arbeidsbeskrivinga er lagt inn i teamsmappa vår eller kan lastast ned her <https://www.statsforvalteren.no/nb/agder/Miljo-og-klima/Viltforvaltning/tiltaksplan-villrein/faggruppene---tiltaksplan-villrein/>
- Det vil bli ein felles gjennomgang av arbeidsbeskrivinga i neste møte om det er behov

### 5. Innspel frå ferdselsgruppa på felles møte for faggruppene 9. juni

- Alf har fått i oppdrag å orientere om arbeide i faggruppa så langt (5-10min). Ein vart einige om at ein skulle presentere arbeidsformene i gruppa og nokre få døme på konkrete tiltak

### 6. Referat frå møte i prosjektgruppa 5.6

- Katrine Skaaja Gunnarsli refererte kort frå møte i prosjektgruppa. Det vil truleg komme presiseringar av korleis tiltak skal leggst inn i matrisa. Det vil og komme retningslinjer for korleis tiltaka skal prioriterast. Truleg skal dette skje på to nivå – 1. Tiltak som er viktig for villreinen og 2. Tiltak som enkelt kan gjennomførast. Det vart og opplyst at innspeløysinga for publikum vil være open det meste av juni

### 7. Referat frå opne informasjonsmøte om tiltaksplanen i Suldal og Hjelmeland

- Alf orienterte kort om møta. Det var 35 frammøtte i Suldal og 20 i Hjelmeland. Begge stadar var det gode diskusjonar, og fleire av dei frammøtte har sendt inn innspel

### 8. Status for samordning med andre faggrupper

- Det blir viktig å ha god kontakt med dei andre faggruppene framover. Dette blir særleg aktuelt når ein skal sjå på område når tiltak frå fleire faggrupper vil verke saman. Dette vil truleg best løysast gjennom ei skrifteleg beskriving av slike «tiltaksapakkar»

### 9. Status for samordning med andre pågåande prosessar

Alf held kontakt med tilsvarande ferdselsgruppe for Hardangervidda

## 10. Vidare arbeid i faggruppa

- Dato for teamsmøte i faggruppa før sommarferien blir 23. juni. Da er målet å ha lagt inn dei aller fleste tiltaka som kan være aktuelle. Alf sender ut innkalling
- For første møte etter sommarferien var det ønskje om eit fysisk møte. Endeleg dato blir fastsett når alle i gruppa er førespurt, men alle blir bedt om å halde av 30.8 og 31.8. Alf sender straks ut innkalling. Møte blir på Haukeliseter

## 11. Eventuelt

- Innleiingsvis i møte vart den vidare prosessen drøfta. Per Ketil Omholt orienterte om at tiltaksplanane ville bli sendt ut på høyring frå departementet etter ein fagleg handsaming hos Statsforvalteren og Miljødirektoratet. Ein vart elles einige om at også «urealistiske» tiltak skulle leggest inn i matrisa, men berre med ei kort vurdering. Ein vart og einig om at faggruppa også skulle utarbeide eit notat kor fleire tiltak kunne sjåast i samanheng. Dette skrivet bør og innehalde ei prioritering av tiltak, og her skal og dissens i gruppa komme til uttrykk.
- Per Ketil kunne orientere om at SF Agder hadde bedt Miljødirektoratet om midlar til å drifte prosessen med tiltaksplanane. Dei hanne nå fått kr 500.000,-
- Per Ketil orienterte om arbeidet som var gjort med å samanstillе data for biltrafikk og villreinkryssingar ved Bjørnevatn.